

Møtereferat

Møte: Tlf møte AU Nord-Norge
Tid/Sted: Tysdag 18.12.18 kl 10 – kl 12
Tilstede: Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bente Børsheim, Bjørn Arne Skoglund, Fred Tore Fagereng, Merethe Sund og Arne Flatmo
Forfall: Birgitte Rørvik Bruun
Kopi til: Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg
Referent: Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 18.12.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<p>Orientering frå styremøtet 11. – 12.12</p> <p>Merethe orienterte om avgang konsernsjef med bakgrunn i dårleg resultat og NOVA. God jobb og driv i konst konsernsjef og visekonsernsjef, med kostnadsreduksjonar og omprioriteringar. Fokus sal. Reduksjon av varelinjer. Færre anlegg, automatisering og robotisering. NOVA: Vurdere status, mogelegheiter og alternativ for vidare framdrift. Jobbar fortsatt med ekspedisjon Malvik, med samspelet mellom SAP og Axapta.</p> <p>Sal og marknad: Jobbar med Coop-avtale. Sal av julevarer prega av at vi ikkje har frose ribbe i Coop, berre fersk. Godt samarbeid med Norgesgruppen. Auke i marknadsandel i alle kjedene, unntatt Coop.</p> <p>Økonomi september og oktober: Betring i forhold til i fjor pga personalkostnad. Reduksjon i merkevarasal. Hittil i år resultat bak fjoråret.</p> <p>Endra leveringsvilkår: Endring for Norsk Kjøttfe og endra puljetillegg på gris på 1-24 stk. Norsk kjøttfe: Framskunda innmelding ein dag, tillegget og endra sesongtillegg.</p> <p>Stor tilgang på storfe, behov for bisonpallar til innfrysing. Fortsatt slakting og innfrysing av lam. Utkjøpsordning gris godt mottatt. Rogalandsregionen har færrast søknader. Egg: Advart mot nyetableringar. Fjorfelaget ynskjer eit 2-pris system mellom medlemar og ikkje-medlemar.</p> <p>Merethe las opp svar til AU Nord, forventar at dette vert sendt til AU. Mogeleg relansering av Vegagris på nyåret. Tek att saka når svarbrev er mottatt.</p> <p>Ansettelsesutval for ny konsernsjef er i gang, og byrå er valgt til prosessen vidare. Vil ta frå 3 til 6 månader til konsernsjef er på plass.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none">• Viktig at det no vert gjort ei seriøs relansering av Vegagris.• Kva gjerast i forhold til sal av Thulefjord?• Kor lurt er det å avskjedige konsernsjef i den vanskelege situasjonen no – og klare å rekruttere ny? Burde hatt info i AU rundt dette. <p>Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.</p>	Brit Kari/ Svein
2	<p>Evaluering av regionutvalsmøtet 13.11</p> <p>Oppsummering av evalueringsskjema var utsendt. Gode tilbakemeldingar på møteplass, fleire ynskjer om 2-dagers møte. Gruppearbeid/inndeling på dyreslaga bør vi prøve å få til i mars.</p>	

Ingen innspel/kommentarar.

Vedtak: AU tek evalueringa av regionutvalsmøtet 06.11 til orientering.

3 Orientering frå Medlem region Nord

Arne orienterte om auke i tilførselar på 1 700 storfe i region Nord. Gris relativt stabile tilførselar. Småfe har auke på 1 800 dyr slakta ved Bjerka og 500 dyr på Målselv. Retur og nisje av småfe har lagt om rutine, med ein del spm om fakturering. Jobbar med eit info skriv på nyåret.

Medlemsbutikk på Bjerka vore suksess.

Spørsmål/kommentarar:

- I info skrivet bør det presiserast henvisning til Min Side, for der er alle avrekningar og faktura.
- På småfe tilbakemeldingar om misnøye med skyving, og sesongarbeidarar i Målselv kjem ikkje tilbake pga av at det berre var 8 timars dagar i haust. Fleire sauefjøsar er tømde pga av at produsentar sluttar. Også nokon som har gått til konkurrent, rykter om 30 produsentar. Har vi oversikt over situasjonen? Strategi for å møte dette?
 - Arne vil sjekke dette nærare.

Arne

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

4 Møteplan 2019

Forslag var utsendt.

Innspel/kommentarar:

- Ynskjer tlf møte 28. mai og fysisk møte 12. juni.
- Ynskjer fellesmøte med AU Midt, samt omvisning på eggpakkeriet på Heimdal. Mogeleg fellesmøte tysdag 27. august, og omvisning for AU Nord 28. august.

Vedtak: AU vedtek møteplan 2019. Brit Kari sjekkar fellesmøte med AU Midt.

5 Kretsmøteplan

Brit Kari orienterte om kretsmøteplanen. Fordeling av RU-leiar og nestleiar på møta: Svein og Endre samsnakkast om dette.

Svein og Endre

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

6 Orientering frå fagutvala

Bjørn Arne orienterte frå møte i fagutval egg 5. desember. To-pris system vart drøfta, er ein vanskeleg situasjon. Overskot på 2 000 tonn i 2019. Mange ynskjer å bygge for eggproduksjon. God drift på eggproduktfabrikken. Dyrevelferdsprogram på verpehøns.

Ragnhild orienterte frå tlf møte i fagutval småfe 10. desember. Endra innmeldingsfrist til måndag kl 16. Mangel på tilbakemeldingar om henting. 3-vekers innmelding på vaksen sau utanom sesong: Forslag om å starte i veke 43, fagutvalet bedt om utsetjing til veke 47, samt skyvetillegg. Prisløype sau utanom sesong: Ynskje om betre fordeling av tilførselar. Innspel til jordbruksforhandlingane. Lammekongress i Tromsø i 2020.

Bente orienterte om arbeid med utslakting av purker i fagutval svin. Høyring om regulering av eingangspurker kjem på nyåret. Auka omsetningsavgift, steintøft økonomisk for mange svineprodusentar.

Fred Tore orienterte frå fagutvalsmøte storfe etter RU-møtet. Endring Norsk Kjøttfe pga lågt salsvolum, håp om auka satsing. Angusavtale. Framskunda innmelding. Prosjekt på inntransport og livdyr.

Ingen spørsmål/kommentarar.

Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.

7 **Eventuelt**

Bente har fått innspel om vedtektsendingar for eksterne styremedleamar. Er Nortura så stort at vi bør ha profesjonelle og skulerte styremedleamar? Må gardere seg for eigarfleirtal i styret. Var oppe i årsmøtet i 2006.

- Med så mange eigarar bør vi finne kompetanse hos oss sjølve, og heller tilsetje kompetansen vi treng. Årsaka til situasjonen no er ikkje inkompetente styremedleamar.
- Dersom fleirtalet ynskjer eksterne styremedleamar må det lagast begrensingar på antal, og krav om at styreleiar er eigar.
- Usikker på om profesjonell styremedlem vil bruke tid på rettleiing av styret. Distrikta kan misse representasjon. Vert eigarane godt nok ivaretatt?
- Diskuterast i neste AU-møte. Brit Kari sender ut saksframlegg frå 2006.
- Drøftast på kretsmøta i region Nord?
- Formelt sett skal vedtektsendingar sendast til konsernstyret innan 01.01. Ein vedtektskomité må då nedsetjast, og saka sendast på høyring i kretsmøta og RU-møta, før behandling i årsmøtet.

Brit Kari

Konklusjon: Ynskjer ikkje å fremme som ei vedtektsending no. Jobbar vidare med det på neste tlf møte i januar.